



Årsplan 2019

Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane

1.0 Formål

Bidra til kompetanseheving og betre samhandling på alle nivå i helsetenesta, slik at personar med kreft i alle fasar av sjukdomen, personar med behov for lindrande behandling og deira pårørande opplever tryggleik og mottar helse- og omsorgstenester av god kvalitet.

(jfr. strategiplan 2017-2020)

2.0 Plan for arbeidet som ressursjukepleiar i tråd med KLB sin strategiplan

Ressursjukepleiar skal følgje si funksjonsbeskriving, med særleg merksemd på:

2.1 Pasient- og pårørandearbeid

- Fylgje opp og skape kontinuitet i omsorga for pasientar og deira familiar
- Kartleggje behov og iverksetting av tiltak, både førebyggjande og behandlande, i samarbeid med ulike kollegaer på arbeidsplassen eller kommunen. Til dømes fysioterapeutar/ergoterapeutar og fastlege/sjukeheimslege
- Vere bindeledd mellom pasienten og andre samhandlande partar
- Bidra til at pasientar og pårørande får tilbod om omsorg av god kvalitet, bygd på kunnskapsbasert kompetanse og nasjonale retningslinjer
- Nytte ESAS-r som verktøy ved kartlegging av symptom



- Nytte individuell plan / palliativ plan NORPAL for pasientar med behov for koordinerte tenester
- Ha kunnskap om verktøyet Livets siste dagar – Plan for lindring i livets slutfase, og eventuelt bidra til at planen blir implementert på eigen arbeidsplass
- Ha kjennskap til Medikamentskrin og praktisk bruk av det
- Bidra til auka etisk bevisstheit/refleksjon kring den enkelte pasient sin situasjon
- Bidra til utvikling av gode system, retningslinjer og prosedyrar for den aktuelle pasientgruppa
- Bidra til god kontinuitet i oppfølging av pasient og pårørande
- Sjå på moglegheiter til samarbeid mellom Helse Førde, Lærings- og meistringssenteret, kommunane, kreftkoordinatorane, ressursjukepleiarane og fastlegane

2.2 Kompetanse

- Delta på alle lokalsamlingar og årleg fagdag
- Nye ressursjukepleiarar må delta på introduksjonskurset
- Ressursjukepleiarar utan vidareutdanning i kreft eller palliasjon kan søkje om å få middel til å delta på 2 fagdagar i palliasjon i Bergen. Det er eit ynskje frå styringsgruppa at alle nye ressursjukepleiarar deltek på desse fagdagan i løpet av det fyrste året som ressursjukepleiar.
- **Arrangere internundervisning/fagsnuttar/praktisk rettleiing på eigen arbeidsplass med tema innan kreftomsorg og lindrande behandling**
- Informere om nyhende innan kreftomsorg og palliasjon på eigen arbeidsstad
- Ta i bruk KLB sine undervisningsmalar
- Hospitere
- Ta initiativ til å delta på aktuelle kurs og konferansar
- Vera rollemodell som ressursjukepleiar på eigen arbeidsstad
- Rådgje og støtte kollega
- Halde seg oppdatert om nyhende på KLB si nettside

2.3 Organisering

- Ressursjukepleiar har ansvar for at eige namn, tlf.nr, e-post adresse og arbeidsstad er oppdatert på KLB si nettside, samt namn, tlf og e-postadresse til leiaren sin. Ansvar for å melde inn andre endringar.
- Svare på elektronisk rapporteringsskjema ved årsskiftet 2019/2020
- Etablere gode rutinar for informasjonsutveksling og rapportering til lokallagsleiar og leiar i driftsgruppa
- Vera bidragsyter når lokalsamlingar er i eigen kommune

2.4 Forankring hjå leiar

- Utarbeide eigen årsplan i samråd med nærmaste leiar og i tråd med årsplan for nettverket
- Rapportere til nærmaste leiar, jamfør arbeidsavtale-/funksjonsbeskriving for ressursjukepleiarar

- Delta i lag med leiar på årleg fagdag
- Bidra til at nye leiarar deltek på introduksjonskurs

2.5 Samhandling

- Bidra til best mogleg samhandling rundt kreftpasientar og pasientar i palliativ fase, på tvers av nivå, etatar og faggrupper
- Bidra til at Individuell plan / palliativ plan NORPAL nyttast aktivt
- Bidra til god kontinuitet og samhandling i pasientforløpet
- Fokus på samarbeid med fysioterapeutar og ergoterapeutar

3.0 Plan for arbeidet i lokalgruppene

Dette året vil vi fokusere på motivasjon og rådgjeving til ressursjukepleiarane slik at dei saman med leiar kan utøve rolla sin som ressursjukepleiar. Vi vil stimulere ressursjukepleiarane til å vidareføre undervisningstema frå lokalsamlingane til sine kollegaer. Tema på lokalsamlingar er bestemt utifrå KLB sin kompetanseplan.

3.1 Lokalsamling vår 2019- Tema

- Innføring av medikamentskrin i Sogn og Fjordane
- Barn som pårørende
- **Undervisningsformer:** Førelsing, case og gruppearbeid

3.2 Lokalsamling haust 2019- Tema

- Sorg: Kva er sorg, korleis møter vi sorg og kva gjer det med oss?
- **Undervisningsformer:** Førelsing, case og gruppearbeid

3.3 Arbeidsoppgåver knytt til lokalsamlingane

- Planlegge og gjennomføre to samlingar i kvar gruppe, ei vår og ei haust
- Program for lokalgruppesamlingane skal utarbeidast i eit samarbeid mellom driftsgruppa og lokalgruppeansvarlege
- KLB sin kompetanseplan og innspel frå ressursjukepleiarane ligg til grunn for innhaldet på samlingane. Ressursjukepleiarane bør ha ansvar for delar av undervisninga
- Invitere lokale kollegaer, gjerne tverrfaglege samarbeidspartnarar, til teoridelen
- Lokalgruppeansvarleg er ansvarleg for å skrive referat etter si lokalgruppesamling, i mal som ligg på nettsida til KLB
- Lokalgruppeansvarleg registrerer fråvær på lokalgruppesamlingane og etterspør årsak til fråvær
- Invitere fastlegar frå vertskommunen til den delen av lokalsamlingane som heiter 'Samhandling'
- Invitere fysioterapeutar/ergoterapeutar frå vertskommunen til den delen av lokalsamlingane som heiter 'Samhandling'

- Kreftkoordinator deltek i tilhøyrande lokalgruppe

3.4 Dato for lokalsamlingar 2019

Vår:

Sunnfjord/Sogn I:	Gaular	06.05.2019
Indre Sogn:	Luster	27.05.2019
Sunnfjord/Sogn II:	Fjaler	13.05.2019
Nordfjord:	Vågsøy	17.06.2019

Haust:

Nordfjord:	Bremanger	16.09.2019
Indre Sogn:	Vik	17.09.2019
Sunnfjord/Sogn I:	Førde	28.10.2019
Sunnfjord/Sogn II:	Hyllestad	29.10.2019

4.0 Plan for årleg fagdag

5 februar 2019 vert det arrangert årleg fagdag for ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling med fokus på «nye» pasientgrupper i palliasjon.

Det er nasjonale føringar for at fleire pasientgrupper skal inkluderast og bli tilbydd god lindrande behandling inn mot livet sin slutt. Ressursjukepleiarane har sett nytten av den kunnskapen som dei har fått gjennom kompetanseheving i lindrande behandling til kreftpasientar. No ynskjer vi å heve kompetansen og kunnskap inn mot desse «nye» pasientgruppene. Det vert på årleg fagdag 2019 undervist om demens og smerter, samt palliasjon til pasientar med KOLS, hjartsvikt og nyresvikt.

Fastlegane vert også i år invitert med på fagdagen i tillegg til fysioterapeutar/ergoterapeutar. Undervisninga vert frå ulike fagprofesjonar, i form av førelesningar og gruppearbeid.

Grupperarbeid vert ein del av refleksjonsarbeidet på årleg fagdag, basert på case med aktuell problemstilling ut frå undervisningstema.

5.0 Plan for arbeidet i driftsgruppa

- Fire møter i driftsgruppa
- Arrangere lokalgruppesamlingar i tråd med KLB sin kompetanseplan
- Arrangere Årleg fagdag i tråd med KLB sin kompetanseplan
- Leiar/KLB tilsett i driftsgruppa og lokalgruppeansvarleg skal representere driftsgruppa på lokalgruppesamlingane
- Arrangere introduksjonskurs for nye ressursjukepleiarar etter KLB sin kompetanseplan

- Sende nyhendebrev vår og haust
- Introdusere felles undervisningsmalar
- Søkje middel frå kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot hos Fylkesmannen
- Rapportere tilbake til Fylkesmannen om bruken av tildelte middel som vi har fått i 2018, innan 1. april 2019
- Samarbeide med Høgskulen på Vestlandet, Avdeling helsefag, om vidareutdanning i lindrande behandling, pleie og omsorg
- Halde nettsida til nettverket oppdatert
- Stimulere ressursssjukepleiarane til hospitering
- **Stimulere ressursssjukepleiarane utan vidareutdanning til deltaking på palliative fagdagar**
- Skrive årsrapport for arbeidet i 2018
- Utarbeide årsplan for 2020
- Revidere funksjonsbeskriving for ressursssjukepleiarar
- Leiar/KLB tilsett møter på obligatoriske samlingar for tilsette i KLB
- Leiar av driftsgruppa skal delta på møte i styringsgruppa for nettverket
- Kommunikasjonsverktøy for nettverket; vedlikehalde Facebook-gruppa til ressursssjukepleiarar. Den formelle informasjonen i nettverket må fortsatt gå gjennom vanlige kanalar, e-post og nettsider
- Stimulere ressursssjukepleiarane til å søke prosjektmiddel til arbeid i eigen kommune
- Marknadsføre nettverket
- Arrangere markering av verdsdagen i lindrande behandling
- Jobbe for å rekruttere sjukepleiarar i Helse Førde til å bli ressursssjukepleiar